

Høyringsinstansar og partar

Norheimsund, 20.03.2025

Dykkar ref:

Prosjekt: Detaljregulering Råsshagen

Vår ref: 2896

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN, GNR. 36, BNR. 1 MFL. RÅSSHAGEN I ØYSTESE, KVAM HERAD, PLANID 4622 20250001

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 vert det kunngjort oppstart av detaljregulering for bustadfelt i Råsshagen ved Vavollen i Øystese. Geoplan AS skal på oppdrag for grunneigar, Johannes Råen, utarbeide detaljreguleringsplan for området.

Planområdet er på 37 daa og ligg på gnr. 36 bnr. 1, m.fl. i Kvam herad. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for om lag 40 nye bustadeiningar. Det skal varierast mellom einebustadtomter og fleirmannsbustadar. Hovedtilkomst til feltet er frå Vavollen. Eksisterande gangsti frå det utbygde bustadfeltet i Rosshagen og ned til 2. sving i Vavollen er med. Planområdet er avgrensa som vist på vedlagt kart (side 2 av dette dokumentet) og i tråd med referat frå oppstartsmøte. Viser til Arkivsak 25/941 i Kvam herad.

https://www.kvam.no/innsyn.aspx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=1100018053&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=276&

Område planlagd for bustader er ikkje regulert. Køyretilkomst og gangsti ligg inne i gjeldande reguleringsplan PlanID 20020005 Rosshagen og PlanID 19740001 Vavollen. Regulering utarbeidast i tråd med arealdelen i kommuneplan for Kvam herad, 2019 - 2030. Heradet vurderer difor planen til å ikkje utløyse krav om planprogram jf. PBL §4-1 og konsekvensutgreiing jf. PBL §4-2. Kunngjering av oppstart vert annonsert i Hordaland Folkeblad tysdag 25.03.2025.

Frist for innspel til planarbeidet er sett til 30.04.2025.

Innspel som kan ha innverknad på, eller vera av interesse for planarbeidet, skal sendast til Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post; post@geoplan.no. Spørsmål kan rettast til Geoplan AS på tlf. 95123508. Alle innspel vil verta vurderte og lagt ved planframlegget når det vert sendt inn til Kvam herad for handsaming.

Med helsing
GEOPLAN AS

Solveig Valland
Sivilarkitekt MNAL og arealplanleggjar

Vedlegg:
VARSLA PLANOMRÅDE VED OPPSTART AV DETALJREGULERING AV RÅSSHAGEN,
PLANID 4622 20250001

